

Lovande skulekorpskonsert og strålande solist.

25.10.2018



Konserten var ein flott start på samarbeidet mellom dei to korpsa.

Torsdag ettermiddag hadde Rosendal skulekorps og Uskedal skulemusikk sin første konsert etter at dei starta eit fastare samarbeid som skal vara gjennom heile sesongen. Konserten var i Rosendal samfunnshus, og den viste at starten på dette samarbeidet er svært så lovande. Det absolutte høgdepunktet i konserten var ein nydeleg euphoniumssolo framført av Nils Rainer Vågen.



Nils Rainer Vågen imponerte stort som solist.

Korpsa har no to fellesøvingar i månaden medan dei øver kvar for seg annakvar veke. Dette er ei god ordning, og saman utgjer dei ein solid brassbandbesetning. Med tanke på at korpsa berre har hatt få fellesøvingar, var det svært gledeleg å høyra resultatet. Dei spela fire nummer og opna med **Jeger'n**. I starten på dette nummeret var berre nokre få musikantar på scenen, men etter kvart dukka det opp musikarar frå alle kantar slik at det etterkvart var eit fullt korps på scenen.

Etter **Cornfield Rock** var det klart for konsertens høgdepunkt. Nils Rainer Vågen var solist på euphonium og framførte nydeleg **Gabriels Obo** saman med musikantane i korpset. Verkeleg vakkert var det, og solisten imponerte med varm og god tone og god musisering. Nils Rainer har lenge vore ein ivrig og lovande euphoniumspelar. Han har m.a. delteke på NMF sine gode sommarkurs i ein del år. Framføringa av **Gabriels Obo** viste tydeleg at han har tatt store steg denne hausten. Korpset avslutta så konsertavdelinga med friske takter i **Swinging Safari**.

Konserten var ein flott opptakt til ein spennande sesong. Vi gleder oss til å høyra dei både på julematinèen i Rosendal og på julekonserten her i Uskedalen. Det kjem til å verta kjempebra!! Korpset vart dirigert av Rosendal sin dirigent Eirin Nordvik på konserten, medan Uskedaldirigent Tor Skeie Olsen var publikum denne ettermiddagen. Han har stor tru på samarbeidet og lover gode julekonsertar og ein knallbra vårsesong. Vi er ikkje i tvil om at han vil få rett, og samarbeidet er ein vinn vinn-situasjon for dei to korpsa. Vi gleder oss til å følgja med på dette.

Etter konserten vart det bore inn kaffi, kaker og anna godt. Publikum kosa seg med dette medan dei opplevde spenning gjennom trekking av to åreomgangar. Ei triveleg stund var det, og ekstra kjeikt var det at det var fullt rundt borda. Det fortente både arrangørane og dei unge og flinke musikantane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland